



Raskaste anda går i mål!

Aktivitetshusets Damevenner kan notere seg for suksess også etter årets Aktivitetsdag sjølv om det ikkje kom fullt så mange som i fjor for å oppleve dagen.

Det var nok fleire grunnar til det: Svært pessimistiske vermeldingar og fotball på Halsnøy og i Sør-Afrika var to av dei. Men dei driftige damene var på ingen måte misnøgde etterpå.

Stort sett vart det same konseptet som i fjor fylgd og ein kan trygt seia at dagen har funne sin form. Det forhindrar ikkje at det bør skje ei viss fornying frå år til år.



[Sjørøvarane kjem!](#)

Hopp i havet er ein sikker suksess. Det er også fjorårsposten jakta på sjørøvarskatten, som i år vart presenterte som eit enda meir engasjerande og spennande tablå enn i fjor. Her hadde kreativiteten fått fritt spelerom!



Thai-mai sto også på menyen, servert av ein Husnes-trio.

Den gaffelrigga catchen til Jan Berntsen spela også i år rolla som sjørøverskute og i år vart ho involvert i ein skarp duell ute på Stølavikjo. Det var ikkje berre lett å få med seg alle detaljar i dramatikken, men vi oppfatta at sjørøver Halefjert kapra skuta rett før mannskapet skulle gå i land og tok to ungar som gissel. Dei vart ikkje frigjevne før skatten vart funne.



TRekkspelklubben spela også i år.

Andaløpet er ein annan vinnarpost på programmet, ikkje minst for idrettslaget. Også i år vart det seld 400 andelsbrev som gir 40.000 svært velkomne kroner til drifta av idrettslaget. Truleg kunne dei selsatskillig

fleire! Anda til Tone Tjelmeland frå Valen passerte mål fyrst og dermed fekk Tone ein kano med årer som premi. Jens Jarle Haugland vann som andremann ein lavvo, Kvinnherad Bygg ei pulsklokke og Berit Helene Myklebust eit badmintonsett.

Det vart ein ny kosedag for heile familien og mest gledeleg var det sjølvst at det hadde regna frå seg på førehand. Men arrangørane hadde telt over det meste av båthamnplenen for alle tilfellers skyld og det er nok fornuftig å gjera også det til ein årleg form for forsikring.

Mellom hovudinnsloga kunne ein nyta til dømes trekkspeklklubben også i år - og song av Mikael Røssland og Aleksander Rebaudo. Serveringa var rikeleg og hadde også eit velsmakande thai-innslag.

Å køyra brannbil og tøffetog er andre populære innslag frå år til år - og funball er kanskje ein ny slagar?

Av Ola Matti Mathisen



Togtur er like populært som før.